

Styremøte i Hordaland Folkemusikklag måndag 22.08.2022

Til stades på Teams: Per Øyvind Tveiten, Åslaug Timenes Bell og Ingrid Sørheim

1. Gjennomgåing av referat frå førre styremøte.
2. Orienteringar:
 - Ingrid orienterte om gjennomføringa av UngLåt 2022.
 - Vestlandskappleiken 2023:
 - Hotell Terminus er sikra som danselokale.
 - Ein bør etablera ei arbeidsgruppe no i starten. Kor mykje skal HFL involvera seg? Korleis kan me vera delaktige?
 - Per Øyvind kallar inn til interimmøte i september.
3. Søknadar:
 - Det har ikkje kome inn nye søknadar.
 - Det manglar rapport frå følgjande prosjekt:

	Prosjekt	Innvilga stønad
2021/01	OsterFolk	20 000
2021/03	Opplæringsverk for hardingfele	15 000
2021/05	Bok og plateprosjekt	20 000
2021/08	Folkemusikkhelg	15 000
2022/01	Masterclass Hardanger	10 000
2022/02	Kvedarkurs Voss	8 000
2022/03	UngOsa 2022	20 000
2022/04	Hordakappleiken 2022	10 000
2022/05	Dans, spel og song - alt pao ei gong	15 000
2022/06	Plateprosjekt Røynstrand	15 000

4. Samstemt-konsert og stand med Musikkrådet på Torgalmenningen 1. oktober:
 - Åslaug luftar deltaking med Osterøymiljøet.
5. Fellesnotat til Vestland Fylkeskommune:
 - Merknad om distriktsmusikarstilling: problemstilling om instruktøren eller eleven skal reisa til øvinga. Treng ei smidig ordning for baa partar.
 - Styret i Hordaland Folkemusikklag stiller seg bak notatet.
 - Me har ein god og varm dialog med fylkeskommunen.
6. Vestlandskappleiken 2022:
 - Dommarar er på plass.
 - Revisjon av vedtektene:
 - ordet «fylkeslag» bør omskrivast til «områdelag».
 - dommarkollegium: forslag om å fortsetja med eitt samansett dommarpanel.
 - hugs at arrangør kan søkja om fritak frå vedtektene.
 - framtida til Vestlandskappleiken: er det bruk for Hordakappleik og Sogn og Fjordane-

kappleik når ein også har Vestlandskappleik? Kunne Møre og Romsdal eller Rogaland ha arrangert Vestlandskappleiken?

- styret foreslår å laga ein google-folkemusikk-kalender for 2023 der alle arrangementsplanar kan leggjast inn, som ein «i forkant»-kalender der ein arrangør kan sjå om eit event bør flyttast på.

7. Hordakappleiken 2023

- HFL fyller 40 år i år! Dette må feirast, korleis?
- Kan de jubilerast i høve årsmøtet? Me ser føre oss middag og dansefest.
- Kan me kopla det på eit av dei eksisterande arrangementa?
- Me har både Hordakappleik og jubileumsarrangement å finna medarrangør til.

8. Neste møte er sett til 7. nov kl. 20.